



**FLOTT TRADISJON:** Ingrunn og Arve Løtveit synest Fonneshagen er eit flott arrangement. Her er dei saman med barnebarnet Christoffer (3 1/2).

# Må alltid heim på Fonneshagen

Ingrunn Løtveit bur i Åsane, men ho må alltid heim for å få med seg Fonneshagen.

**Av Anne-Lise Nordpoli**  
anne@strilen.no

Smilande med nyinnkjøpte leser i den eine hånden og barnebarnet Christoffer (3 1/2) i den andre, kjem Ingrunn Løtveit gåande på Fonneshagen kai. Christoffer vil gjerne bort til sjø på D/S Oster, og Ingrunn er ikkje vanskeleg å be.

– Det er kjekt med så masse liv og folk. Eg prover alltid å få med meg dette, seier ho.

## Mykle folk

Fonneshagen er «dajen dar folk møtes» og arrangementet samlar alltid mykle folk unsett vêr.

Dei siste tre åra har arrangementet gått over tre dagar med konsern fredag kveld, kystkultur og program for alle på kaien laurdag, og familieaktivitetar og gudstjeneste sondag.

Då Strilen var innom laurdag føremiddag laga eit shantykor fra Bergen stemning i teltet, me-



**I STRIKKEKROKEN:** Kari Tresvik, Nora Hansen og Randi Totland inviterte til strikking i teltet.



**GODT BESØKT:** Fonneshagen er alltid godt besøkt.

dan Tommy Fonnes stod på kaien og steikte smaksprøvar av kvalkjøtt og hjortekjøtt.

## Mongstad-hjort

– Kvalkjøtet har eg henta frå frysene heime, det er kval som er skoten av fedjingar. Hjorten er korteist, han har levde på Mongstad, seier Tommy og lokkar Viktor Bergstrom og Simon Emil Bergstrom Vaage til å prøva.

– Eg har aldri smakt kvalkjøtt før, men det var godt. Det

smakar ikkje fisk, men kjøt, slår Simon Emil fast etter å ha tatt ein bit.

Programmet på Fonneshagen er mykje likt frå år til år, og det passar i grunnen godt. For arrangementet handlar om tradisjonar og den gamle kystkulturen.

## Eigen strikkekrok

– Kystkultur er sjølsagt båtar, fiske og motorar, og så er det viktig å ikkje gløyma dei rike handarbeidstradisjonane og alt

arbeidet kvinnene gjorde, seier Nora Hansen.

Ho sat saman med Kari Tresvik og Randi Totland i eit hjørne av teltet, strikkekroken, som var ny av året, og ein stad der alle uansett alder og strikkefaring kunne få setja seg ned å strikka.

Strikking er i vinden, og dei tre damene strikkar mykje. På Fonneshagen strikka Nora og Randi på genserar i forskjellige teknikkar, medan Kari laga sokkar i kont-strikk.

– Det er ein gammal teknikk

der du får eit mønster med ruter, og det ser ut som du har fletta det, fortel Kari.

Ho lært teknikken på eit kurs på seniorsenteret.

– Det er ikkje vanskeleg. Du strikkar berre rett og vrang, men så er det måten du legg opp og vender på som gjer at du får det spesielle mønsteret, forklarer ho.

## Har strikka på metroen

Damene strikker både heime og når dei er på farten.

– Den mest spesielle staden eg